


Forførereren

Jan Kjærstad – ein postmoderne metafysikar?

☛ Nemninga postmoderne metafysikar kan verke som ei sjølvmotseiing. Postmodernisten hevdar at «dei store forteljingane» er daude – det finst ingen absolutte sanningar. Metafysikaren leitar derimot etter evige og allmenne sanningar.

☛ Jan Kjærstad stiller dei heilt store spørsmåla i forfattarskapen sin: Kva er eit menneske? Kva får eit menneskeliv til å hengje saman? Kva er røyndom? Samstundes viser han seg som postmodernist når han insisterer på makta i språket og skaparkrafta i fantasien. Gjennom leik med språket og utforsking av romanen som sjanger granskar han tilhøvet mellom språket og røyndommen.



Jan Kjærstad. Foto: Mattis Sandblad / VG / Scanpix

Kva er eit menneske?

☛ Eit grunnleggjande spørsmål i heile forfattarskapen til Kjærstad er spørsmålet om kva det vil seie å vere menneske. Kjærstad bruker språket og forma på forteljinga til å formidle innsikt og gi moglege svar på dette spørsmålet. I botnen ligg ein tanke om at forteljingar kan skape identitet. Forteljingar kan skape meining og samanheng i eit liv som elles kan verke fragmentert og styrt av ulike krefter i eit globalt medie- og informasjonssamfunn.



Jan Kjærstad om romanen «Menneskets vidde»

Frå den store til dei små forteljingane

☞ Jan Kjærstad er fødd i 1963 og oppvaksen på Grorud i Oslo. Etter vidaregåande utdanning på Oslo katedralskule studerte Kjærstad teologi ved Universitetet i Oslo. Teologistudia er noko ein tydeleg ser spor etter i forfattarskapen hans. Han skriv om dei store spørsmåla i tilværet, og han har referansar til ulike religionar i mange av tekstane sine.

☞ Men Kjærstad valde å ikkje jobbe som prest. Mot slutten av teologiutdanninga fann han ut at han ønskte å skrive fiksjonstekstar, og han debuterte med novellesamlinga *Kloden dreier stille rundt* i 1980. Gjennombrøttet kom med romanen *Speil. Leseserie fra det 20 århundre* i 1982.

☞ Kjærstad er på mange måtar ein forfatter med eit litterært program. I tillegg til å skrive romanar og noveller har han skrive ulike essay og artiklar om litteratur. I *Menneskets matrise* (1989), *Menneskets felt* (1997) og *Menneskets nett* (2004)



Jan Kjærstad fekk Nordisk råds litteraturpris i 2001. Her er han på veg til pressekonferanse saman med døtrene. Foto: Jan Tomas Espedal / Aftenposten / Scanpix

skriv Kjærstad såkalla *poetikkar*, det vil seie tekstar om kva og korleis litteratur bør vere. Han har også vore redaktør for litteraturtidsskriftet *Vinduet*, i perioden 1985–89, og *Bøk*, saman med Jon Fosse, frå 1993–1996. Han har på denne måten vore med på å prege norsk litterær debatt.

Død og kjærleik

☛ *Homo Falsus eller Det perfekte mord* (1984) og *Rand* (1990) er eksempel på romanar som på mange måtar er typiske for Jan Kjærstad. Forfattaren leikar med ulike sjangrar, og han leikar med lesaren. I begge romanane drep hovudpersonane, men romanane er ikkje realistiske psykologiske portrett eller krimromanar. Kjærstad utnyttar element frå krimromansjangeren til å formidle noko om kva det vil seie å vere menneske i ein postmoderne røyndom.

☛ *Homo Falsus eller Det perfekte mord* er ein såkalla metaroman. Romanen tematiserer korleis han blir til gjennom at forteljaren skriv om sin egen skriveprosess. Utover i romanen mistar forteljaren kontrollen over si eiga forteljing, og mot slutten blir det uklart om forteljaren også er oppdikta – av hovudpersonen han har dikta opp. Det heile er både forvir-



Foto: Jan Petter Lønau / VG / Scanpix

rande og forførande. Kjærstad leikar med forholdet mellom fiksjon og røyndom i ein roman som går i kritisk dialog med ulike

postmoderne førestillingar om sanning, røyndom og identitet.

☛ I *Rand* blir hovudpersonen sett til å etterforske drap han sjølv har gjennomført. Nok ein gong leikar Kjærstad med element frå krimsjangeren, men prosjektet hans er ikkje å lage eit portrett av ein uetisk drapsmann. Hovudpersonen er ein representant for den ekstreme *postmoderne karakteren* – ein karakter som er så fristilt frå moralen og samanhengen i dei store forteljingane at han ikkje kjenner skuld eller ansvar for morda han har utført. Han er eit menneske utan moralsk kjerne eller etisk orienteringspunkt.

☛ Kjærstad utnyttar her krimromanstrukturen til å formidle noko om korleis eit menneske freistar å skape orden og mening i ei verd truga av kaos og meningsløyse. Det eigentlege prosjektet, i denne på fleire måtar utfordrande fortel-

jinga, er å seie noko om makta som ligg i språket, om skaparkrafta til mennesket – om fantasiens fantastiske eigenskapar. Og nok ein gong er Kjærstad oppteken av spørsmålet: Kva er eit menneske?

☛ Romanen *Tegn til kjærlighet* frå 2002 er kanskje noko mindre typisk for Kjærstads forfattarskap. Romanen fekk også noko meir blanda kritikkar. Romanen har ikkje, som *Homo Falsus* eller *Det perfekte mord* eller *Rand*, noko kritisk prosjekt. Romanen er meir ein hyllest til språket, til fantasien, til forteljinga – og til kjærleiken. Kjærleiken til forteljinga, til livet og til dei andre – det vil seie medmenneska.

☛ Andre kjende bøker av Kjærstad er mellom anna romanane *Det store eventyret* frå 1987 og *Kongen av Europa* frå 2005. Kjærstad har også gitt ut biletbøker for barn i samarbeid med ulike illustratørar.

Forførerar, erobrarar, oppdagar – Jonas Wergeland

Det samansette individet i eit komplekst mediesamfunn

☛ Med *Forføreren* (1993), *Erobreren* (1996) og *Oppdageren* (1999) nådde Kjærstad ut til ei stor gruppe lesarar, både i og utanfor Noreg. I 2001 fekk han Nordisk råds litteraturpris for *Oppdageren*. Trilogien er ein fiktiv biografi om den oppdikta tv-personlegdommen Jonas Wergeland og kan reknast som ein klassikar i norsk postmodernistisk litteratur. Verket eksperimenterer med form, forteljeteknikk, komposisjon og karakterbygging. Kjærstad leikar med ulike sjangrar, som mellom anna biografi, danningsroman, erotisk forteljing og politisk satire.



Skodespelaren Jakob Oftebro som Jonas Wergeland under opptaka til tv-serien «Erobreren». Foto: Trond Solberg / VG / Scanpix

☛ Dei tre romanane har ulike forteljarar. På den måten får vi sjå hovudpersonen Jonas Wergeland frå fleire perspektiv. Romanserien formidlar historia om eit oppstykk og fragmentert individ, noko som kan spegle samtida han lever i.

☛ I *Forføreren* møter vi Jonas Wergeland idet han finn kona si – den store

kjærleiken hans – drepen i deira eiga stove. Denne skilsetjande opplevinga er utgangspunktet for forteljingane om Jonas' veg frå barndommen til suksessen som programskapar og rikskjendis. Jonas er ein moderne helt. Alt han tek i, blir til gull. Han forfører kvinner med sin «magiske penis», og han forfører eit heilt folk med tv-programmet sitt.

☛ I *Erobreren* blir biletet av Jonas nyanisert. Dei mørkare sidene ved helten frå *Forføreren* blir no presentert, utan at vi på nokon måte får eit heildekkjande bilete av kven Jonas er. Vi sit igjen med fleire ulike, og like sanne eller sannsynlege, bilete av Jonas. I *Oppdageren* møter lesaren Jonas idet han slepp ut av fengselet. Han vart dømd for drapet på Margrete, sjølv om det er uavklart om det er han som drap henne.

☛ I tillegg til å vere ein leik med biografi-

sjangeren, er trilogien om Jonas Wergeland eit stykke noregshistorie. Tv-programmet Jonas får suksess med, «Å tenke stort», er portrett av norske heltar, eller



Om tv-serien «Erobreren» frå 2012. Korleis kler du opp 80 skodespelarar og meir enn 2000 statistar når handlinga strekkjer seg over fire tiår?

rettare sagt – nordmenn som også har vorte heltar i utlandet. Programma er laga som tv-portrett av nordmenn med ambisjonar. Ulike personlegdommar, som for eksempel Sonja Hennie, Gro Harlem



Per Chr. Ellefsen som som lektor i matematikk under opptaka til tv-serien «Erobreren». Foto: Trond Solberg / VG / Scanpix

Brundtland og Henrik Ibsen, speglar Noreg og den norske «folkesjela», noko Kjærstad leikar med, undersøker og ironiserer over i eit forsøk på å spegle kva det vil seie å vere norsk. At Jonas heiter Wergeland til etternamn, må også sjåast som ein del av Kjærstads leik med store nordmenn – og kva det vil seie å vere norsk.

Eksperiment med forteljarperspektiv

☛ Jan Kjærstad er svært oppteken av kva slags forteljemåte og forteljarperspektiv den mediale verda vi lever i, bringar med seg. Massemedias hurtige glimt, dei vekslende perspektiva i zappekulturen, blir trekte inn i litteraturen. Det same gjer samtidas enorme kjelde til kunnskap og erkjenning. Korleis orientere seg i dette mylderet av informasjon? Korleis skape identitet i denne vrimmelen av inntrykk?

☛ Romanane er komponerte som mange små forteljingar, som ikkje er bundne saman av kronologi og kausalitet. Ofte kan årsak komme før verk-



Jan Kjærstad om teksten som ein vev

nad, slik at hendingar som skjer i ettertida, på merkverdige måtar kan få innverknad på hendingar som har gått føre.

Og i og med at dei tre romanane har ulike forteljarar, som formidlar ganske ulike bilete av Jonas Wergeland, får vi mange ulike sanningar, eller sannsynlege versjonar, av forteljinga om tv-helten.

i

Kjærstad ser òg seg sjølv som ein slags forfører, gjennom sine grep som forteljar. NRK Skole

✎ Ein kan sjå komposisjonen i romanane som eit slags svar på påstanden om at dei store forteljingane er daude. Religion, modernitetens tru på framsteg, fornuft og fridom, og dei store politiske ideologiane har alle feila. I staden må ein byggje seg ei forståing av verda ut frå dei små forteljingane. Eit postmoderne individ er overlate til seg sjølv i forsøket på å skape meining i mangfaldet som møter han. Dette er også prosjektet i forteljingane om Jonas Wergeland.



Kva skal vi gjere med alt vi veit? Sjå Jan Kjærstad snakke om dette og romanen «Kongen av Europa» på «Først og sist» med Fredrik Skavlan i 2005

i

Teiknaren Steffen Kverneland har laga teikneserie om Jonas Wergeland. NRK Skole

